



Seimstrand AS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1628 - 14/24526

Saksbehandlar:
Terje Sætre
Terje.Saetre@lindas.kommune.no

Dato:
31.10.2014

Reaksjon ved brot på alkohollova - Seimstrand as

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Terje Sætre
rådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
093/14	Formannskapet	PS	30.10.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Terje Sætre	14/1628

Reaksjon ved brot på alkohollova - Seimstrand as

Vedlegg:

Rapport - kontroll av salsløyve mtilleggsrapport (L)(32194)

Seimstrand as, skriv av 29.august 14

seimstrand as - skriv av 7.okt.14

Alkoholpolitisk plan 2012 - 2016 Lindås kommune, endeleg, august 2012

Rådmannens framlegg til vedtak

Seimstrand as blir belasta med 2 prikker for svært store manglar ved interkontrollhandboka, jfr. Lindås kommunes alkoholpolitiske plan pkt. II – 2.10 «Reaksjonar ved brot på alkohollova».

Grunnlaget for prikkbelastninga er at alkoholkontrollen 16.07.2014 avdekka at Seimstrand as ikkje har gjennomført internkontroll. Ifølgje kommunens alkoholpolitiske plan pkt. II-2.10 «Reaksjonar ved brot på alkohollova» blir manglande eller svært store manglar ved interkontrollhåndboka belasta med 2 prikker.

Alkoholforskrifta kapittel 8 «Internkontroll» fastset krav om internkontroll for alle sals- og skjenkestader.

Seimstrand as må snarast gi kommunen tilbakemelding om korleis verksemda skal oppfylle krava om internkontroll, jfr. alkoholforskrifta.

Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 4 kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland. Klagefristen er 3 veker, jfr. forvaltningslova § 29. Høvet for klage må nyttast før det i tilfelle blir reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageavgjerd er kome fram til klagar, jfr. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13.august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.

Formannskapet - 093/14

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Seimstrand as blir belasta med 2 prikker for svært store manglar ved interkontrollhandboka, jfr. Lindås kommunes alkoholpolitiske plan pkt. II – 2.10 «Reaksjonar ved brot på alkohollova».

Grunnlaget for prikkbelastninga er at alkoholkontrollen 16.07.2014 avdekka at Seimstrand as ikkje har gjennomført internkontroll. Ifølgje kommunens alkoholpolitiske plan pkt. II-2.10 «Reaksjonar ved brot på alkohollova» blir manglande eller svært store manglar ved interkontrollhåndboka belasta med 2 prikker.

Alkoholforskrifta kapittel 8 «Internkontroll» fastset krav om internkontroll for alle sals- og skjenkestader.

Seimstrand as må snarast gi kommunen tilbakemelding om korleis verksemda skal oppfylle krava om internkontroll, jfr. alkoholforskrifta.

Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 4 kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland. Klagefristen er 3 veker, jfr. forvaltningslova § 29. Høvet for klage må nyttast før det i tilfelle blir reist sivil søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageavgjerd er kome fram til klagar, jfr. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13.august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Formannskapet.

Bakgrunn

Seimstrand as har ein dagleg leiar for den samla verksemd. Verksemda er delt opp i to avdelingar: avdeling Spar og avdeling Jernvare. Avdelingsleiar Spar er ansvarleg for sal av alkohol.

Kravet om internkontrollen etter alkohollova vart gjort gjeldande frå 01.01.2006, jfr. kap. 8 i alkoholforskrifta.

Alkoholkontrollørane har over tid systematisk gitt råd og rettleiing til sals- og skjenkestadene, slik at omsetninga av alkohol kan skje i samsvar med regelverket.

I år 2013 gjennomførte Juvente kontroll av 11 butikker i Lindås kommune. 10 av desse butikkane selde ikkje alkohol til mindreårige. Men Seimstrand as selde ifølgje denne rapporten alkohol til

mindreårige.

Dei kontrollane Juvente utførar kan ikkje sjåast på som alkoholkontroll i alkoholovens forstand, men kan likevel indikere brot på alkoholova. Ut frå Juventes funn intensiverte alkoholkontrollen si oppfølging av Seimstrand as, ved kontroll m.a. 24.oktober 2013 og 6.juni 2014. Ved kontroll 16.07.2014 ved Seimstrand as vart det påpeikt av salsstaden ikkje har gjennomført internkontroll – m.a.:

- Alkoholkontrolløren etterlyste ei utgreiing om kva som var gjennomført av tiltak siden førre kontroll, der det vart avtalt medarbeidersamtalar, personalmøte, informasjonsmateriell til tilsette. Avdelingsleiar Spar ved Seimstrand as ga uttrykk for at alt som tidlegare var avtalt med alkoholkontrolløren var gjennomført, bortsett frå internkontroll.
- Alkoholkontrolløren gjorde greie for bestemmelsene vedk. internkontroll.
- Avdelingsleiar Spar v/Seimstrand as informerte om at butikken ikkje har til hensikt å gjennomføre internkontroll, fordi dette vart for kostbart.
- Alkoholkontrolløren etterlyste om informasjonsmateriell var hengt ut, og fekk stadfestande svar frå avdelingsleiar Spar. Ved kontroll viste det seg likevel ikkje at slikt materiell var blitt hengt opp. Avdelingsleiaren meinte at andre tilsette måtta ha fjernet dette materiellet.
- På vegen ut hadde alkoholkontrolløren ein kort samtale med to av ekspeditørane og etterspurte om personalmøte og medarbeidersamtalar med alkoholkontroll som tema far gjennomført med dei. Ingen av dei kunne stadfeste dette.

Viser her til vedlagte tilleggsrapport frå alkoholkontrolløren.

I skriv av 31.07.2014 bed kommunen om salsstadens uttale i saka. I skriv av 21.08.2014 blir salsstaden varsla om at kommunen vurderar å reagere på brotet på alkoholforskrifta § 8-1 : innehavar av salsløyve skal føre internkontroll.

Dagleg leiar v/Seimstrand as skriv 29.august til kommunen –m.a.:

- Til ei viss grad er det ei mistyding når det gjeld internkontroll og manglar ved denne. Det er ikkje slik at styret i Seimstrand as har vedteke at verksemda ikkje skal ha internkontroll. Derimot har det vore diskutert om ein skulle leige inn firma som foretok testkjøp av alkohol. Dette har dagleg leiar sagt nei til, ut frå at kostnaden er for stor i forhold til kva han meiner å kunne oppnå.
- Butikken har internkontroll for sal av alkohol. Den er utarbeidd av Spar, og er den same for samtlege Sparbutikkar. Dagleg leiar vil personleg gå gjennom og sjå til at eventuelle manglar i oppfølginga av denne blir retta straks.
- På samtlege avhaldne personalmøte har sal av alkohol vore oppe. Dagleg leiar har hatt temaet med i alle sine medarbeidersamtalar

I vedlagte skriv 7.oktober d.å. viser Seimstrand as til rutinar for å sikre riktig sal av alkoholhaldige drikkevarar.

Kontrollutvalet for alkohol

I møte 14.oktober 2014 behandla Kontrollutvalet for alkohol denne saka. Uttalen frå utvalet er identisk med rådmannens framlegg til vedtak.

Vurdering

Alkoholforskrift § 8-1 krev at salsstader skal føre internkontroll med si verksemd.

Internkontrollen betyr systematiske tiltak som skal sikre at verksemdas aktivitetar skal planleggjast, organiserast, utførast og vedlikehaldast i samsvar med krav fastsett i løyvet, alkohollova og i bestemmelser fastsett i medhald av alkohollova. Verksemda har plikt til å systematisk kontrollere og dokumentere at bestemmelsene i lovverket blir følgjd.

Kor omfattande internkontrollsystemet skal vere kjem til uttrykk i alkoholforskrifta § 8-3 første ledd:

«Internkontrollsystemet skal tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold og ha det omfang som er nødvendig for å overholde krav i bevillingen, alkohollova og bestemmelser fastsatt i medhold av alkoholloven.»

Denne bestemmelsen sikrar at ordninga er fleksibel og tilpassa alle typer salsstader.

Alkoholforskriftas krav til internkontroll, jfr. alkoholforskrifta § 8-3 andre ledd nr. 1 – 6, Disse krava er å sjå på som minstekrav.

Krav til internkontroll	Døme på tiltak/dokument	Vurdering i forhold til Seimstrand as
Den/dei ansvarlege for verksemda skal ha oversikt over krav i løyvet, alkohollova og bestemmelser fastsett i medhald av alkohollova som gjeld for verksemda	<u>Døme på tiltak:</u> Ha oppdatert regelverk tilgjengeleg for all tilsette som kan ha behov for det.	I skriv av 29.august seier dagleg leiar at verksemda har internkontroll for sal av alkohol, felles for samtlige Spar-butikkar. Ved alkoholkontroll 16.juli gir avdelingsleiar Spar uttrykk for at internkontroll ikkje er gjennomført. Kontrollen av 16.juli dokumenterar klart av avdelingsleiar ikkje er kjent med internkontroll, felles for alle Spar forretningar. Informasjonsmateriell var ikkje tilgjengeleg for dei tilsette.
Den/dei ansvarlege for	<u>Døme på tiltak:</u>	Samtalar alkoholkontrolløren

<p>verksemda skal sørge for at tilsette i verksemda har tilstrekkelege kunnskaper og kompetanse til å overhalde krava til verksemda, herunder krava til internkontroll</p>	<p>Opplæring av dei tilsette (kurs, rettleiing, personalmøte)</p> <p><u>Døme på dokument:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> · Opplæringsplanar og rutinar for verksemda · Oversikt over gjennomførte opplæringstiltak bør dokumenterast. Døme kan vere referat frå personalmøte, opplæringsrutinar for nytilsette m.v. 	<p>hadde med tilsette 16.juli kan indikere at personalmøte og medarbeidersamtalar med alkoholkontroll som tema ikkje er gjennomført.</p>
<p>Krav til internkontroll</p>	<p>Døme på tiltak/dokument</p>	<p>Vurdering i forhold til Seimstrand as</p>
<p>Den/dei ansvarlege for verksemda skal ha oversikt over korleis verksemda er organisert og korleis oppgåver og ansvar er fordelt.</p>	<p><u>Døme på tiltak</u></p> <ul style="list-style-type: none"> · Orienteringar på personalmøte · Oppslag på personalrom eller liknande <p><u>Døme på dokument</u></p> <ul style="list-style-type: none"> · Oversikt over tilsette/funksjonsbeskrivingar · Plan for å oppdatere og gjere informasjon tilgjengeleg. 	<p>Alkoholkontrollen av 16.juli avdekka manglande oppslag på personalrom</p>
<p>Den/dei ansvarlege for verksemda skal ha rutinar for å sikre overhalding av krav i løyvet, alkoholova og bestemmelser fastsett i medhald av alkoholova som gjeld for verksemda</p>	<p><u>Døme på tiltak</u></p> <ul style="list-style-type: none"> · Rutinar for opplæring av tilsette · Rutinar for overhalding av plikta til å be om legitimasjon i tvilstilfelle · Rutinar for alderskontroll av salspersonalet · Rutinar for overhalding av salstidene 	<p>Tiltaka medfører aktive plikter. Med dette meinast at internkontrollplikta ikkje vil vere oppfylt ved at verksemda berre har skriftlege rutinar for korleis punkta ovanfor skal oppfyllest. Plikta omfattar at rutinane faktisk blir følgd.</p> <p>Juvente sin kontroll 2013 kan tyde på at rutinar for</p>

		<p>alderskontroll ikkje er overhaldne.</p> <p>Alkoholkontroll av 16.juli kan tyde på at rutinane for opplæring av tilsette ikkje er følgd opp.</p>
Krav til internkontroll	Døme på tiltak/dokument	Vurdering i forhold til Seimstrand as
Den/dei ansvarlege for verksemda skal ha rutinar for å førebyggje, avdekke og rette opp avvik	<p><u>Døme på tiltak</u></p> <ul style="list-style-type: none"> · Rutinar for kva som skal gjerast når brot på regelverket oppstår, t.d. korleis det skal handlast der og då, kven som skal varslast, korleis forholdet skal rapporterast til ansvarshavande m.v. · Rutinar for kven som er ansvarleg for oppfølging og utbetring når det blir avdekke svakheiter i internkontrollsystemet. <p><u>Døme på dokument:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> · Rutinar, prosedyrar, instruksar · Møtereferat · Rapportar (avviksskjema) 	Rutinebeskrivinga for sal av alkoholhaldige drikker, oversendt 29.august av daglege leiar, seier ikkje noko om det første døme på tiltak som er nemnd under dette punktet.
Den/dei ansvarlege for verksemda skal systematisk og regelmessig gjennomgå	<p><u>Døme på tiltak</u></p> <ul style="list-style-type: none"> · Rutine for regelmessig gjennomgang av verksemda 	Dagleg leiar opplyser at på samtlege personalmøte har sal av alkohol vore oppe som sak.

internkontrollen.	<ul style="list-style-type: none"> · Personalmøte med dei tilsette · Medarbeidarsamtalar · Rutinemessig rapportering frå dei tilsette (t.d. medarbeidarsamtalar, personalmøte m.v.) · Gjennomgang av dei tilsette sine tilbake-meldingar (munnleg eller skriftleg) <p>Døme på dokument</p> <ul style="list-style-type: none"> · Sjekkliste for intern verksemsgjennomgang · Dokumentasjon på at gjennomgang er gjort og resultat av gjennomgangen · møtereferat 	Alkoholkontrollen av 16.juli kan likevel indikere at fleire av desse tiltaka ikkje er iverksett.
-------------------	--	--

Etter ei samla vurdering finn rådmannen at internkontrollsystemet etter alkohollova v/Seimstrand as har svært store manglar. Klart kjem dette til uttrykk når avdelingsleiar Spar seier at verksemda ikkje har internkontroll. Manglande oppslag av informasjonsmateriell, og tilbakemeldingar frå tilsette, jfr. alkoholkontroll av 16.juli, støttar opp om denne vurderinga.

Ifølgje kommunens alkoholpolitiske plan pkt. II – 2.10 «Reaksjonar ved brot på alkohollova» blir manglande eller svært store manglar ved internkontrollhandboka sett på som alvorleg brot, og belasta med 2 prikker.